



# Tanum menighetsråd

## INNKALLING

1. vara innkallast fast til møta, dei andre vara etter behov.  
Nødvendig forfall skal meldast til leiar Erling Sølvik, 915 98 234  
erlingsol.esl@gmail.com (raskast mogeleg)

<b>Møtestad:</b>	<b>Servicebygget ved Tanum kyrkje (i bakken nedanfor kyrkja)</b>
<b>Møtedato:</b>	<b>Onsdag 20.11.2019</b>
<b>Tid:</b>	<b>18.00-21.00</b>
<b>SAKSLISTE NR:</b>	<b>10/2019</b>

Før vi startar på den formelle sakslista legg vi inn ein sekvens med litt personleg tilsnitt og fokus på MR-arbeid. Denne delen skal ikkje med i referatet.

Kl 18-18.45: Opning/kaffe. Vi blir litt meir kjende med kvarandre.

MR-arbeidet i Tanum menighetsråd i perioden 2019-2023, kva tenkjer vi?

- Organisasjonen DNK (Den norske kyrkja)
- Rutiner for arbeidet vårt/Årshjul (vedlegg)

### **Sak 74/2019 Godkjenningar:**

- Utsendt innkalling/saksliste (aktuelle saker under Eventuelt og info-saker skal meldast her)
- Referat frå møtet 23.10.2019. To personar til å underskrive referatet.

Forslag til vedtak: Innkalling/saksliste og referat godkjennest.

### **Sak 75/2019 Meldingar/referat-og infosaker**

- AU-møtet mellom Stavern, Berg, Kjose og Tanum 06.11.2019 (vedlegg)
- Kurs for nye MR 28.11.2019 i Østre Halsen kyrkje–felles påmelding (vedlegg)
- Presentasjon av nytt MR 24.11.2019 i Tanum kyrkje (e-post 01.11.2019)
- NMS-avtalemønighet (vedlegg)
- Respons frå statsministerens kontor på vedtaket i sak 70/2019 (Menneske utan rett til opphald i verda). Uttala sendt over til Utanriksdepartementet som ansvarleg fagdepartement. Også respons frå Ap og SV.

Forslag til vedtak: Vi tek meldingar/referat- og infosaker til orientering.

### **Sak 76/2019 Møteplan vinteren/våren 2020**

Forslag frå AU (vedlegg)

Forslag til vedtak: Vi vedtek AU's forslag til møteplan. Menighetens årsmøte: 08.03.2020.

### **Sak 77/2019 Ansvarsområde/Arbeidsfordeling**

Notat (vedlegg)

MR gjer ei vurdering og skaffar personar i høve til behov. MR kjem tilbake med endeleg oppnemning.

Forslag til vedtak: Vi arbeider vidare for å skaffe personar til ulike oppgåver.

**Sak 78/2019 Sportskapellet 23.02.2020**

MR har ansvar for ei kapellteneste pr halvår. Tanum har fått ansvaret for denne sundagen. Ansvaret gjeld den praktiske delen, leing og andakt. (Ekstern muskar)  
Kven kan stille 23.02.2020?

Forslag til vedtak:

**Sak 79/2019 Budsjett 2020, førebuande vurderingar**

Kasserar legg fram ei vurdering av inntekts/utgiftsrammene for 2020 som grunnlag for vidare budsjettarbeid. Er det område der vi må vente avvik i høve til 2019-økonomien?

Forslag til vedtak: Vi tek informasjonen til etterretning. Kasserar gjer ferdig eit budsjett-forslag til behandling i januarmøtet.

**Sak 80/2019 Avskrivning av tap på fordringar 2019**

Ein viser til rekneskaps-funksjon 220 Konfirmantarbeid vår / 1475: Tap på fordringar  
Jamfør sak 02/2019 og 64/2019.

Det er 2 konfirmantar som framleis ikkje har betalt avgifta, kr 3000, trass i 3 purringar. MR går ikkje til bruk av tvangsmiddel, så etter 3 purringar ser vi på fordringane som tapte.

Forslag til vedtak: Uteståande, kr 3000, under funksjon 220/1475 blir avskrivne i rekneskapet for 2019.

**Sak 81/2019 Kyrkjeoffer 2020**

Soknepresten har laga eit utkast til kyrkjeoffer for 2020 (vedlegg) og orienterar.

Forslag til vedtak: Vi vedtek oppsettet for kyrkjeoffer. Soknepresten får ansvaret for å setja dette inn i gudstenestelista.

**Sak 82/2019 Orgelsaka,- status pr. nov 2019**

Leiar av orgelkomiteen gjev status pr nov.2019. (Dette er samtidig info til nye medlemmer)

Forslag til vedtak: Vi tek informasjonen om orgelsaka til orientering.

**Sak 83/2019 Samling i Tanum prestegard ons 11.12.2019**

Det neste møtet vårt blir todelt:

- Kl 18-19, MR-møte i Servicebygget
- Kl 19-? Årsavslutning i prestegarden for medlemene av det nye og det forrige menighetsrådet samt tilsette, alle med evt ektefeller.

**Eventuelt** (får saksnummer dersom det blir meldt saker.)

Opning og mat: Elisabet Romøren

13.11.2019

Erling Sølvik  
MR-leiar

Kari Espelid  
Sekretær